



Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3620 - 16/31980

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

22.11.2016

Oversending av søknad til uttale - gbnr 141/11 Kvamme nedre

Saka gjeld søknad om etablering av privat båt plass og utliggar på eksisterande flytebrygge og støypt plate framfor frådelt naustetomt på gbnr 141/71. Tiltaka er plassert på gbnr 141/11. Lindås kommune er heimelshavar. Båtplassen skal knyttast til frådelt naustetomt på gbnr 141/71 som skal overdragast til privatperson.

Det er søkt om dispensasjon og løyve til å etablere tiltaka. Det ligg føre merknader til tiltaket frå Kvamme felles ved Arne M. Kvamme og frå Helge Haugland, eigar av gbnr 141/7.

Kvamme felles sin merknad går i hovudsak på forhold knytt til etablert naustetomt på gbnr 141/71 og framtidig oppføring av naust på tomte. Kommunen vil her gjera merksam på at naustetomta gbnr 141/71 er godkjend etablert i vedtak datert 04.04.2016, jf arkivsak 16/675. Når det gjeld omsøkt etablering av båt plass og utliggar på etablert flytebrygge har Kvamme felles ingen merknader.

Helge Haugland skriv at omsøkte private båt plass på område som er øyremerka ålmenn bruk vil avgrensa bruken av område og vera til ulempe for både ålmenta og han som privatperson då tiltaket vil gje redusert tilflott til hans båt plass. Han skriv vidare at etablering av betongplate framfor naustetomta på gbnr 141/71 vil gje auka privatisering av området og redusere området sin kvalitet som friluftsområde.

Merknader frå naboar følgjer vedlagt i sin heilskap.

Det ligg føre positiv førehandsuttale frå Bergen og Omland Havnevesen, jf skriv datert 18.10.2016.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Kvamsvågen Gnr 141 bnr 7. Området der båt plass og utliggar skal etablerast er avsett til område for småbåthamn, SBH2. Betongplattung framfor naustetomt med gbnr 141/71 skal plasserast på areal avsett til friområde, FO1.

Omsøkte etablering av båt plass er i strid med punkt 7.2.3 i reguleringsføresegnene då utsida av den kommunale flytebrygga skal stå til råvelde for gjestar til friluftsområdet. Når det gjeld etableringa av betongplattung framfor naustetomta gbnr 141/71 krev denne at det vert gitt dispensasjon frå punkt 5.1.2

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



i reguleringsføresegnene og den generelle byggjegrensa langs offentleg veg (gangveg 7). I tillegg krev begge tiltaka at det vert gitt dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf pbl §1-8.

Søknaden om dispensasjon følgjer vedlagt.

Frist

Kommunen er etter ei førebels vurdering positiv til å gje dispensasjon for etablering av betongplattung. Endeleg vurdering av tiltaka vil skje når høyringsfristen er ute.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og søknad om tiltak - gbnr 141/11 Kvamme nedre

Søknad om dispensasjon og søknad om tiltak, gbnr 141/11

Naboerklæring

Vedlegg 1 - Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

Vedlegg 2 - situasjonsplan 1 til 1000

Vedlegg 3 - tiltak inntegnet på kart

Vedlegg 4 - bilete av området 1 til 250

Vedlegg 5 - Erklæring med løyve om tiltak nærare enn 15 meter frå offentleg gangve

Vedlegg 6 - Opplysningar i nabovarsel, kvitteringar.

Merknad til søknad om dispensasjon og søknad om tiltak i Kvamsvågen - gbnr 14111 K

Tilsvar Lindås kommune

Førehandsuttale - gbnr 14111 Kvamme nedre

Naboerklæring(1)

Gbnr 141-11 Ortofoto 2015

Gbnr 141-11 reguleringsplan

Kopi til:

Lindås kommune v/ eigedomsavdelinga	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
--	----------------------	------	----------

Mottakarar:

Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7310

Postboks 7900

5020

5020

BERGEN

BERGEN